

**Fra:** Synnøve Jørgensen (synnove.jorgensen@4h.no)

**Sendt:** 23.11.2016 13:30:06

**Til:** Marianne Ose Askvik

**Kopi:**

**Emne:** SV: 4H Hordaland

**Vedlegg:** image003.png;image004.jpg

Hei Marianne!

Tusen takk for grundig og godt svar. Jeg skal sjekke ut hvordan og hva vi kan søke om penger fra «Kulturtiltak – amatør» i 2017.

Synnøve

4H Hordaland

---

**Fra:** Marianne Ose Askvik [mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no]

**Sendt:** onsdag 23. november 2016 13.07

**Til:** Synnøve Jørgensen <synnove.jorgensen@4h.no>

**Emne:** SV: 4H Hordaland

Hei Synnøve,

I regional kulturplan PREMISS: KULTUR vart det m.a. vedteke at eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet (i Hordaland fylkeskommune) skulle gjennomgåast (i 2015) for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til dei vedtekne satsingane i kulturplanen. Tilskotsordninga «Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå» var blant desse ordningane som var sett nærare på når det gjaldt føremål og kriteria. I budsjettframlegget for 2016 (vedteke i sak 95/2015 i Fylkestinget) føreslo fylkesrådmannen å gjere denne ordninga sterkare knytt til medlemstal og å styrke aktivitet gjennom andre tilskotspostar.

Eg har lagt ved saksframlegget om nye retningslinjer til ordninga «Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» som vart samrøystes vedteke i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Eg har og lagt ved meldinga frå fylkesrådmannen til Utval for kultur, idrett og regional utvikling når det gjeld fordelinga for 2016. Dei fylkeskommunale midlane i «Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar» er no reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men den skjønsmessige vurderinga vil ikkje lenger liggje til grunn for 50 % av midlane. Tilskot til eigne prosjekt kan organisasjonane søkje under «Kulturtiltak – amatør».

Ta gjerne kontakt om du har fleire spørsmål.

Vennleg helsing

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Synnøve Jørgensen [<mailto:synnove.jorgensen@4h.no>]

**Sendt:** 21. november 2016 14:24

**Til:** Marianne Ose Askvik <[Marianne.Ose.Askvik@hfk.no](mailto:Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)>

**Emne:** 4H Hordaland

Hei Marianne

Eg har overtatt dagleg leiar-ansvar for 4H Hordaland etter Susanne Aas som har slutta.

Ser driftsstøtta til 4H Hordaland har gått dramatisk ned siste året. Er det spesiell grunn for dette? Kva bør vi gjere for å få dette opp igjen til neste år?

Ser fram til høyre frå deg anten på epost eller telefon.

--

**Med venleg helsing**

\*\*\*\*\*



**Synnøve Jørgensen**  
regionleiar i 4H Vest (Hordaland&Rogaland)  
fagansvarleg momskomp. og frifond

Pedersgata 32 c  
4013 Stavanger  
tlf.: 960 96 773

[4h.no](http://4h.no)

[4h.no/rogaland](http://4h.no/rogaland)

[4h.no/hordaland](http://4h.no/hordaland)

KLART HOVUD - VARMT HJARTE -  
FLINKE HENDER - GOD HELSE

\*\*\*\*\*

Tenk på miljøet - og vurder om du treng å skrive ut denne e-posten